



Vang kommune

ArkivSakID: 21/74
JournalpostID: 21/4527
ArkivID: PlanID-2020007,
PlanNavn-
Solsteinslie vest,
PlanType-35, K2-
L12, GBNR-39/48
Saksbehandlar: Ingeborg Lunde

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/21	Kommunestyret	17.06.2021

Solsteinslie vest - planavklaring


Vedlegg:

05.05.2021	Svar - Grindafjell AS - tilbakemelding referat oppstartsmøte	169115
07.04.2021	Grindafjell AS - tilbakemelding referat oppstartsmøte	167886
07.04.2021	Vedr. referat fra oppstartsmøte.	167884
18.03.2021	Referat fra oppstartsmøtet - Detaljregulering for Solsteinslie vest	166969
25.02.2021	Brev om oppstartsmøte - Detaljregulering for Solsteinslie vest	165388
23.02.2021	Vedlegg til oppstartsmøtet - Kart rammeplan VA Vang	165448
23.02.2021	Vedlegg til oppstartsmøtet - Rammeplan VA Vang	165449
22.02.2021	Svar - Plan for Solsteinslie Vest - Bestilling av Oppstartsmøte	165181
22.02.2021	Utbyggingstakt og Rammeplan Vannforsyning Grindafjell feb 2021	165182
02.02.2021	FORSLAG SOLSTEINSLIE VEST-21-10-20	164370
02.02.2021	Plan for Solsteinslie Vest - Bestilling av Oppstartsmøte	164368
02.02.2021	SOLSTEINSLIE VEST_Bestilling oppstartsmøte	164369
02.02.2021	Detaljregulering for Solsteinslie (plan-ID 2014001) - melding om vedtak og klagerett (L)(84604_1_P)	164371
10.06.2021	Kommunestyresak 0039 - 03	172266

Saksopplysningar:

Grindafjell AS ved Eivind Akervold (forslagsstiller) fremmer planinitiativ for hyttefeltet Solsteinslie vest. Plankonsulent er John Lie. Forslagsstiller ynskjer å leggje til rette for Solsteinslie vest med plass til om lag 100 fritidsbustadar. Området ligg vest for hytteområda Haugastølen og Solsteinslie.

Kartutsnittet nedanfor syner forslag til ny reguleringsplan for Solsteinslie Vest, området ligg utanfor den raudstipla linja. Raudstipla linje viser planområdet til eksisterande reguleringsplan Solsteinslie.



Figur 1 Kartutsnitt som syner Solsteinslie vest i forhold og reguleringsplan for Solsteinslie.

Innanfor kommunedelplan for Grindafjell er det vedteke 4 reguleringsplanar:

- Langebakke frå 2005, regulert 200 hyttetomter
- Haugastølen frå 2006, regulert 51 hyttetomter
- Syndislie frå 2006, regulert 91 hyttetomter
- Solsteinslie, regulert 48 hyttetomter

I Vang kommune er det samla sett ein tomterreserve på godt over 600 tomter. Dette er tomter som regulert men som grunneigar/utviklar framleis eig. I kommunedelplan for Grindafjell er det ein tomterreserve åleine på 331 hyttetomter innanfor dei 4 planane.

Det vart halde oppstartsmøte for Solsteinslie vest den 02.03.2021, referat datert 15.03.2021 ligg vedlagt. I oppstartsmøtet skal alle tema som er naudsynt for å klargjere føresetnadane for det vidare planarbeidet og utforming av det endelege planforslaget bli behandla. Ein skal mellom anna ta stilling til om det kan være aktuelt å stoppe planinitiativet etter plan- og bygningslova §12-8 andre ledd. Som det kjem fram av referat frå oppstartsmøtet, siste avsnitt, vurderte administrasjonen at paninitiativet ikkje bør føre fram på noverande tidspunkt. Bakgrunnen for dette er at VA må avklarast, rammeplan for kommunedelplanområdet må utarbeidast. Det må fokuserast på å utvikle dei områda som ligg regulert, eventuelt rydde opp og oppheve planar. Det er i dag ein tomterreserve på 331 tomter og det er sidan 2006 solgt 59 tomter.

Forslagsstillar, Grindafjell AS, sender 29. mars 2019 brev til Vang kommune med merknadar og kommentarar til referat frå oppstartsmøte. Grindafjell AS orienterer litt om rammene for Grindafjellprosjektet og har kommentarar til oppstartsmøtet og referatet. Grindafjell AS ber administrasjonen vurdere avgjerda om å stoppe planinitiativet på nytt, og dersom administrasjonen

ikkje endrar si vurdering ber Grindafjell AS om å få saka lagt fram for kommunestyret til endeleg avgjerd, jf. pbl §12-8.

Administrasjonen held fast på si vurdering i svarbrev datert 05.05.2021 og opplyser om at saka vil bli lagt fram for kommunestyret i møte den 17. juni. Dersom Grindafjell ynskjer å sende over meir som skal vere med til møtet ba administrasjonen om at det blir sendt til kommunen innan veke 22 slik at det kan leggjast ved saka. Grindafjell har ikkje sendt over noko innan veke 22.

Forhold til kommuneplan, areal-/ samfunnsdel:

Føreslege planområde ligg inne som framtidig utviklingsområde for fritidsbustadar i kommunedelplan Grindafjell.

Kommuneplanen sin arealdel, sist revidert 12.05.2015, seier i føresegn 1.1 at kommunedelplan for Grindafjell (6.2.2003) framler skal gjelde. Det er og stilt krav om rammeplan for vatn og avløp innanfor planområda til kommunedelplan Grindafjell.

Vurdering:

Kommunedirektør viser til dokumenta i saka, og vurderingane som er gjort i desse. I tabell nedanfor er vedlegga sortert etter kva fase i prosessen dei høyrer heime. Det er stort sprang i tid frå kommunestyrevedtaket i 2003 og fram til planinitiativet, men vedtaket frå 2003 er teke med då Grindafjell viser til dette i si tilbakemelding til referat frå oppstartsmøte.

Kommunen sine vurderingar rundt stopp av planinitiativet kjem fram av vedlegg:

- *Referat frå oppstartsmøtet – Detaljregulering for Solsteinslie vest og*
- *Svar – Grindafjell AS – tilbakemelding referat oppstartsmøte.*

Grindafjell AS sine synspunkt kjem fram av vedlegg:

- *Vedr. Referat frå oppstartsmøte*
- *Grindafjell AS – tilbakemelding referat oppstartsmøte*

	Vedlegg	
Kommunestyrevedtak i 2003	Kommunestyresak 0039 - 03	
(...)		
Planinitiativ	Plan for Solsteinslie Vest – Bestilling av oppstartsmøte	Svar for Sols Vest best Opp te
	SOLSTEINSLIE VEST – Bestilling av Oppstartsmøte	
	FORSLAG SOLSTEINSLIE VEST-21-10-20	
	Detaljregulering for Solsteinslie (plan-ID 2014001) – melding om vedtak og klagerett	
	Dialog før oppstartsmøtet	Utb' kt o, Rarr Van ng

		Invitasjon til oppstartsmø te
--	--	-------------------------------------



Tilbakemelding referat oppstartsmøte	Vedr. Referat frå oppstartsmøte Grindafjell AS – tilbakemelding referat oppstartsmøte
Svar til Grindafjell	Svar – Grindafjell AS – tilbakemelding referat oppstartsmøte

Grindafjell AS viser til kommunestyrevedtak i 2003. Vedtaket frå kommunestyret i sak 0039/03 lyder som følgjande:

«Vang kommune stiller seg positiv til prosjektet og er villig til å støtte det innanfor rammer kommuneøkonomien set.

Kommunestyret gjev tilsagn om eit tilskot på 6 mill. kr. til utbygging av infrastruktur fram til og gjennom området på følgjande vilkår:

- *Dette er tilskot for heile kommunedelplanområdet*
- *Før eventuell utbygging blir starta opp må det utarbeidast og godkjennast ei utbyggingsavtale i tråd med det som er nemnt i saka. Det må her mellom anna avtalast utbetalingstidspunkt, plan for finansiering, framdriftsplan for å få bygd ut kapasiteten på det kommunale kloakkanlegget m.v.*
- *Kommunen tek ansvar for å skaffe tilstrekkeleg kapasitet på vassforsyning fram til området. Endepunktet blir fastsett i utbyggingsavtale.*

Ein vil presisere at det kommunale bidraget omfattar all infrastruktur og at det ikkje kan reknast med ytterlegare bidrag til framføring av el, tele m.v.»

Ser ein på formuleringa er det eit atterhald i fyrste setning i vedtaket om at ein er villig til å støtte prosjektet innanfor rammer kommuneøkonomien set. Vidare blir det gjeve tilskot på 6 mill. kr med tre vilkår. Det siste av desse vilkåra seier at kommunen tek ansvar for å skaffe tilstrekkeleg kapasitet på vassforsyning fram til området. Rammeplan VA for Vang er utarbeida og viser korleis ein kan legge fram vatn- og avløpsnett til Grindafjell. Rammeplan VA Vang med dei prinsipp og løysingar for utviding av vatn- og avløpsnett som ligg i planen vart vedteke den 17.12.2020, KS-095/20.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret finn at planinitiativet, Solsteinslie vest, ikkje skal føre fram på noverande tidspunkt, og stoppar planinitiativet jf. plan- og bygningsloven §12-8 andre ledd. Dette med bakgrunn i at rammeplan VA må utarbeidast for kommunedelplan. Det må fokuserast på å utvikle dei områda som allereie ligg regulert, eventuelt rydde opp og oppheve planar. Det er i dag ein tomtereserve på 331 tomter og det er sidan 2006 solgt 59 tomter.

Kommunestyret 17.06.2021:

Behandling:

Nytt framlegg til vedtak, foreslått av Bjørn Olav Søndrol, Arbeiderpartiet
Kommunestyret ber administrasjonen gjenoppta planprosessen for Solsteinslie Vest. Rammeplan VA for Grindafjellområdet skal vera vedtatt innan sluttbehandling av reguleringsplanen.

Framlegga vart stilt opp i mot kvarandre og stemt over:

Framlegg til vedtak frå kommunedirektøren fekk 1 stemme og vart forkasta (Erlend Eggen, (MDG))
Nytt framlegg til vedtak frå Bjørn Olav Søndrol, (AP) vart vedteke med 12 stemmer.

Kristin Bakke Lajord (SP), Grete Aasheim (AP), Elisabeth Hålien (BIV), Leif Solemsli (BIV) stilte spørsmål om habilitet. Dei vart erklært inhabile jf. forvaltningslova §6. 1 ledd - samrøystes vedteke. Dei forlèt bordet under behandling av saka. Kommunedirektøren la fram saka.

KS- 033/21 Vedtak:

Kommunestyret ber adminstrasjonen gjennopta planprosessen for Solsteinslie Vest. Rammeplan VA for Grindafjellområdet skal vera vedtatt innan sluttbehandling av reguleringsplanen.